



Til læraren

I samarbeid med LOOP har Hald Noreg Reint utarbeidd ei rekkje aktivitetsark for skoleelevar. Arka kan ein fritt laste ned og nytte i skoleklasser som jobbar med tema som miljø, klima, kjeldesortering og attvinning. Gruppearbeid høver godt for å gjennomføre aktivitetane.

Kvart oppgåveark er tilpassa ei utskrift på eitt A4-ark, slik at det er lett å bruke for elevane og læraren. Målgruppa er elevar på 4. trinn, men oppgåvene kan absolutt nyttast også på høgare trinn i barneskolen.

Litt om dei enkelte oppgåvearka

Adopter ein stad ved skolen

Grupper av elevar finn – adopterer – stader ved skolen, som dei held reine i ein periode. Dei loggfører funn av søppel/boss i skjemaet. Fann dei søppel som ved kjeldesortering kunne blitt til noko nytt?

Undersøk skolegarden

Kva slag søppel/boss finst i skolegarden og rundt skolen? Elevane fører funn i skjemaet. Gjetting: Kven (elevar, vaksne, forbipasserande) kan ha kasta søppelet? Kva kan gjerast for at dei sluttar med det?

Gåver

På teikninga på arket druknar ein gutt i innpakkingspapir ... Kanskje elevane kan lage gåver sjølv i staden for å kjøpe? Her er idear til bokmerke. Elevane kan prente og klippe ut. Eller enda betre – teikne sjølv. Lim opp på papp. Det er fint å lime på stoff og band som ein variasjon til fargestiftar.

Pass på det du har

Det er nokså vanleg at haugen med attgløymd tøy og skor veks sterkt i løpet av skoleåret. Mange

barn hugser ikkje kva som er deira tøy, mange har den same typen klede – og kleda er ikkje merkte med namn. Dette er ei øydsling med ressursar. Oppgåvearket gjev idear til korleis tøy kan merkast på ein enkel måte.

Detektivar

På oppgåvearket listar mor og far seg bort til skogen med usannsynlege mengder ee-avfall. Dei fleste mødrer og fedrar gjer naturlegvis ikkje dette – men det er faktisk vaksne som lager avfallshaugar der dei absolutt ikkje skal vere. Barn kjem tidvis over slike ulovlege deponi. Om elevane får lov – og kan ferdast trygt – kan dei sjå etter større gjenstandar som er setne att som søppel. Oppgåvearket gjev idear. Elevane kan rapportere funn til dei rette personane i kommunen ved å skrive eit brev. Kanskje ta eit foto?

Lag forteljingar

Dersom klassen har lært litt om kjeldesortering og attvinning, kan det vere morosamt å fortelje om historia til ein gjenstand. Oppgåvearket har framlegg til

forteljingar. Den siste oppgåva – om den ukjende planeten – kan vere utgangspunkt for ein diskusjon om kva menneska/vesna der gjer for ikkje å øydeleggje planeten sin.

Intervju

Om elevane har gjort undersøkingar og funn, har dei garantert noko viktig å fortelje ålmenta. Dei bør få hjelp til å ta kontakt med lokale medium og verte intervjuet. Oppgåvearket gjev dei hjelp til å førebu seg. Dei kan også skrive om røynslene sine, både til aviser og til skolen sin nettstad.

To kryssord og ein uglekviss

Det er laga eit enkelt kryssord (løysingsordet er «naturvernar») og eit noko meir komplisert. Uglekvissen handlar om korleis vi skal handtere det vi vil kaste.

Til slutt

Aktivitetsarka er utarbeidde for LOOP og Hald Noreg Reint av Jorun Gulbrandsen. Arka er omsetne til nynorsk av Gudmund Anders Dalsbø. Svein Samuelsen er illustratør.



www.holdnorerent.no
www.loop.no

